

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/21	Kommunestyret	PS	18.02.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA-M42, HistSak-16/252	20/4823

Godkjenning av Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune

Vedlegg

forskrift for slamtømming - versjon 19062020 (193706)

Framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune vert godkjent.

Lokal forskrift er heimla i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (Forurensningsloven) § 30, § 33, § 34, § 37, § 79, § 83 og § 85.

Kommunestyret - 013/21 - 18.02.2021

KS - behandling:

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka. Dette er ei forskrift som er felles for fleire kommunar i NGIR-samarbeidet, og den har ikkje vore fornya på ei tid.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

KS - vedtak:

Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune vert godkjent.

Lokal forskrift er heimla i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (Forurensningsloven) § 30, § 33, § 34, § 37, § 79, § 83 og § 85.

Saksopplysningar:

Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune er no klar til godkjenning (vedlagt).

Forskrifta har vore på offentleg ettersyn over 6 veker og fram til 31.12.2020, høyringsperioden var i tråd med lovverk for lokal forskrift.

I formannskapet den 22.10.2020 vart det gjort følgjande vedtak i sak 116/20:

*Austrheim kommune gjer vedtak om å sende **Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune** ut på ut på offenkjende ettersyn i 6 veker. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Lokal forskrift er heimla i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (Forurensningsloven) § 30, § 33, § 34, § 37, § 79, § 83 og § 85.*

Det kom ikkje inn merknadar til forslaget til forskrifta som var på høyring. Den vart annonsert i lokalavisa og på heimesida på vanleg måte.

Forskrifta består av føresegner som er rettsleg bindande. Denne forskrifta skal også gjelda i Alver kommune, Fedje kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune, Modalen kommune og Solund kommune. Alle kommunane har vore med i dette fellesarbeidet og utarbeidd framlegget til lokal forskrift. Arbeidet er gjort i samarbeid med renovasjonselskapet NGIR, det er dei som sende forslaget til kommunane. Prosessen med lokal forskrift skal ha politisk forankring og kvar kommune skal fremja saka fram for politisk handsaming. Den gamle slamforskrifta som gjeld i vår region og kommune er vorte forelda.

Føremålet med denne forskrifta er å sikra forsvarleg miljøkvalitet ved eit avløpsanlegg, slik at forureining ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og sjølvfornyng. Forskrifta har og som formål å sikra helsemessig, miljømessig og økonomisk forsvarleg innsamling, transport og handsaming av slam, etter sentrale instansar sine krav til slamhandtering. Forskrifta gjeld tømming, transport og handsaming av slam og sanitært avløpsvatn frå slamanlegg. Forskrifta fastset og retningslinjer for slamgebyr. Kommunestyra fastset gebyret sin storleik. Alle som vert omfatta av ordninga, inkludert dei tilknytt private fellesanlegg, plikter å betale eit årleg gebyr fastsett av kommunen etter forureiningslova sin § 34. Gebyret dekkjer ordinær tømming.

Tenester utover tømming, transport og handsaming av slam vert ikkje omfatta av forskrifta. Denne forskrifta tek til å gjelda så snart ho er vedteke av kommunestyret i den enkelte kommune. Frå same tidspunkt vert tidlegare forskrift sett ut av kraft.

Slamavskiljarar som er tilknytt bustad skal tømme heilt for slam ikkje sjeldnare enn kvart 2. år, og for fritidsbustad ikkje sjeldnare enn kvart 4. år. Minireinseanlegg skal tømme kvart år. Eigar av anlegget er ansvarleg for å melde inn trong for ekstratømming og gjennomføre tømming i samsvar med leverandøren sine retningslinjer. Viss det er trong for hyppigare tømming enn ein gong kvart år, må dette belastast abonnent (jf. §6). Abonnenten skal syte for at slamanlegga som skal tømme er lett tilgjengeleg for tømming. Tilkomstvegen skal vere i samsvar med spesifikasjonar under §3 Kjørbar privat veg. For at nye private vegar som blir tatt i bruk til tømming av slam i NGIR-området skal kunne reknast som køyrbar er det viktig at dei har ein viss minimumstandard.

Denne lokale forskrifta om slamtømming for Austrheim kommune skal godkjennast i kommunestyret.

Etter godkjenning skal den kunngjerast i tåd med lovverk for lokal forskrift.

Vurdering:

Rådmannen vil informera om at **Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune** som har vore på offentleg ettersyn er klar til godkjenning. Det var ikkje overraskande at det ikkje kom merknadar til forslaget, då framlegg til forskrift var godt gjennomarbeid fagleg, men og nokolunde i samsvar med dagens praksis.

Rådmannen meiner at det å sikra forsvarleg drift- og miljøkvalitet ved eit avløpsanlegg, slik at forureining ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og sjølvfornyng er eit viktig mål med denne forskrifta. Innbyggernes investeringar i nye avløpsanlegg skal og betala seg i form av god og rett rensing, men og gode driftstilhøve for dei som skal handtera slammet. Dette er god samfunnsøkonomi og svært viktig for vassmiljøet vårt framover.

Rådmannen synes det er oversiktleg at det er lagt ved definisjonar i den lokale forskrifta då det er mange faguttrykk her. Rådmannen synes det er positivt at dei andre kommunane i Nordhordland og Gulen også får på plass ei ny lokal forskrift på dette området. Den gamle forskrifta var gått ut på dato, det er grunnen til at dette arbeidet no har vorte gjennomført.

Rådmannen vurderer det slik at Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune vil vere eit godt hjelpemiddel for forvaltinga, for eigarane og for dei som skal drifta og tømme slike anlegg. Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner **Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune**.

Konklusjon:

Austrheim kommune godkjenner **Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune**.